



Rådg. Ing. Asbjørn Danielsen AS
Fabrikkgaten 8
5059 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1612 - 15/24866

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
09.07.2015

Ferdigattest - gbnr 56/149 Hundvin - bustad

Administrativt vedtak. Saknr: 310/15

Tiltakshavar: Hera Eigedom AS, 5911 Alversund
Ansvarleg søkjar: Rådg. Ing. Asbjørn Danielsen AS, 5059 Bergen
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 26.11.2013, samt 08.07.2015. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.
Det vert elles vist til søknad motteken 26.06.2015.

Skildring

Adresse:	Fagervollen 46 A og 46 B.
Bygningstiltak:	Tomannsbustad, horisontaldelt
Bygningsnummer:	300455178
Bruksareal:	215m ²
Avlaup:	Offentleg
Vatn:	Kommunalt
Tal på røykløp:	1

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for tomannsbustad på gnr. 56, bnr. 149. Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.



Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/1612

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hera Eiendom AS

Stølen 37

5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Rådg. Ing. Asbjørn Danielsen AS

Fabrikkgaten 8

5059

BERGEN